

PLANFØRESEGNER TIL DISPOSISJONSPLAN FOR DEL AV GNR. 96,
BNR. 13, HAUKÅS I SVEIO KOMMUNE.

- § 1 Føresegnene gjeld innanfor planområdet slik det er vist på kart i M=1:2 000, dagsett 16.11.76, sist revidert 2.3.77.
- § 2 Kvar hytteplassering er markert i terrenget med ein pel. Hyttene skal plasserast slik at markeringspelen fell innanfor grunnmuren til den einskilde hytta. Endeleg plassering og orientering skal godkjennast av Sveio bygningsråd.
- § 3 Hyttene skal byggjast i ei høgd, med enkel utforming og lågast mogleg grunnmur. Taket skal vera saltak, takvinkel mellom 18° og 23° . Evt. uthus skal byggjast saman med hovudbygningen. Materialar og fargar skal ha mørk eller matt verknad og gå mest mogleg saman med naturen omkring.
- § 4 Mellom kommunevegen og hytteområdet skal det setjast opp gjerde. Gjerdet vert å plassera minst 2,5 m frå vegkanten. Inngjerding av kvar einskild parsell må godkjennast av Sveio bygningsråd.
- § 5 Grunneigaren er pliktig til å opparbeide parkeringsplass for minst 24 personbilar, dvs. 2 bilar for kvar hytte. Parkeringsplassane skal utførast i samsvar med planen og etter tilvising frå teknisk etat. Tilkomsten til hyttene skal skje på traktorveg frå parkeringsplassane som vist på planen.
- § 6 Det er ikkje tillete å leggja inn vatn i hyttene. Vassforsyninga skal skje ved felles vasspostar. Vatnet vert

å skaffa ved hjelp av borehol, takvassanlegg eller frå næraste vassdrag.

Dersom det seinare skulle koma på tale å leggja inn vatn i hyttene, må det innhentast særskilt utsleppsløyve. Ein viser her til lov om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970 med forskrifter. (Med innlagt vatn meiner ein vatn frå brunn, cisterneanlegg, vassverk e.l. som er ført innandørs.)

- § 7 Spillvatn frå hyttene skal gå via ein slamavskiljar til eit kunstig infiltrasjonsanlegg. Avlaupsordninga skal godkjennast av Sveio bygningsråd.
- § 8 Som privet i hyttene skal installerast tørrklosett basert på biologisk nedbryting.
- § 9 Sjøppel og anna avfall skal hytteeigarane samla i søppelskur ved parkeringsplassane for vidare borttransportering av det kommunale renovasjonsvesen etter gjeldande satsar.

Grunneigaren syter for tømning av slamavskiljarane når dette er turvande. Tøminga skal skje på grunneigaren sin eigedom i veksttida eller på ein annan stad som kan godkjennast av helserådet.

- § 10 Parkeringsplassar og traktorveg skal opparbeidast av grunneigarane før oppføring av hytter kan tillatast. Det same gjeld framføring av vatn og oppsetting av søppelskura. Vedlikehald av parkeringsplassane, gangvegen, søppelskura samt gjerde langs den kommunale veg skal kostast av hytteeigarane.

- § 11 Byggemelding for dei einstilte bygningane må godkjennast av bygningsrådet i samsvar med reglane i bygningslova.
- § 12 Bygningsrådet kan etter grunngitt søknad og når særlege grunnar ligg føre, gje dispensasjon frå desse føresegnene.


Fylkesmannen i Hordaland
Utbyggingsavdelinga

1. 7. 77

Ragnis Vestheim

PLAN- OG UTBYGGINGSAVDELINGA
FYLKESMANNEN I HORDALAND FYLKE

TÅRNPLASS 2 - TINGHUSET
5000 BERGEN
TELEFON 216720 - TELEX 42153



Sveio kommune,
Formannskapet,
5520 SVEIO.

*Til Byggningsrådet
for videre handsaming
og ekspedisjon*

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev):
Jnr. 3005/76.714.7 - MV/MR

Dato 30. juni 1977.

DISPOSISJONSPLAN FOR DEL AV GNR. 96, BNR. 13, HAUKÅS I
SVEIO KOMMUNE.

Fylkesmannen i Hordaland har ved skriv av 18.5.77 motteke framlegg til disposisjonsplan for del av gnr. 13, Haukås i Sveio kommune.

Planframlegget er i samsvar med framlegget til hytteplan for Sveio.

Disposisjonsplanen har lege ute til offentlig ettersyn i tida 10.7. til 31.7.75. Det kom inn 2 merknader til planen, frå Vigdar Grunneigarlag i skriv av 28.7.75 og frå oppsittjarane på Haukås i skriv av 30.7.75. Ein viser elles til innkomne merknader til planen i skriv av 20.3.75 frå Jakob Haukås, i skriv av 27.10.75 frå Jakob Haukås m.fl, i udatert skriv frå Hans J. Haukås, i skriv av 8.9.76 frå Vigdar Grunneigarlag og i skriv av 27.10.76 frå Jakob Haukås m.fl..

Planen har vore lagt fram for Hordaland fylkeslandbruksstyre til fråsegn. Ein viser her til vedtak i fylkeslandbruksstyret i møte 25.8.75 og 20.4.77 der ein samtykkjer i omsøkte hytteplan.

Planen er handsama og godkjend av bygningsrådet i Sveio i møte 18.4.74, 27.11.74, 14.8.75 og 18.3.77. Kommune- styret har godkjend planen i møte 6.10.76.

I medhald av § 7 i bygningslova av 18. juni 1965 og med fullmakt etter § 15 i same lov, dispenserer fylkesmannen frå vedtekt til § 82 i bygningslova og godkjenner disposisjonsplan vist på kartkopi i M=1:2 000, dagsett 16.11.76, sist revidert 2.3.77, signert ing. fa. Rafoss og Steinskog A/S.

Vidare godkjenner fylkesmannen planføresegnene i tilknytning til disposisjonsplanen, med nokre endringar gjort av fylkesmannen. Eit eksemplar av planføresegnene slik dei skal lyda, ligg ved.

./.

./.


Det godkjende plankartet følgjer vedlagt, med påteikning om godkjenninga, saman med nokre av dei tilsende saksdokumenta.


Vedtaket om godkjenning av planen skal kunngjerast i minst 2 aviser som er vanleg leste på staden. I kunngjeringa skal det gjerast kjent at vedtaket om godkjenning kan klagast på til Miljøverndepartementet etter nærare reglar.

Vedtaket om godkjenning er ikkje endeleg før klagefristen er ute, eller eventuelle klager på godkjenninga er avgjort.

1 gjenpart av dette skrivet samt kopi av dei godkjende planføresegnene og 1 eksemplar av det godkjende plankartet følgjer ./.

vedlagt for vidaresending til planleggjar/grunneigar.


Lars Leiro


J. Jervell Pettersen